

## Tabell C-k

### Saker med særskild fordeling for kommunane 2018

Følgjande saker er gitt ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet i 2018:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1000 kr
1	Inndelingstilskot	KMD	199 622
2	Trekk Nannestad og Ullensaker	KMD	-19 350
3	Helsestasjons- og skulehelseteneste	HOD	753 482
4	Utrekk avgiftslette differensiert arbeidsgjevaravgift	KMD	-114 945
5	Korreksjon kommunal medfinansiering statleg barnevern	BLD	-28 094
6	Forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling i barnevernet	BLD	75 252
7	Uttrekk forsøk statleg finansiering omsorgstenestene	HOD/KMD	-1 043 736
8	Frivilligentralar	KUD	169 900
9	Overgangsordninga til kommunar som slår seg saman	KMD	254 160
10	<b>SUM</b>		<b>246 290</b>

#### Kolonne 1 – Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning for kommunar som slår seg saman og skal kompensere kommunane for ein reduksjon i rammetilskotet som følge av samanslutninga. Inndelingstilskotet kompenserer for bortfall av basistilskot og ein eventuell nedgang i distriktstilskot.

Inndelingstilskotet blir fryst reelt i 15 år og blir deretter trappa gradvis ned over 5 år. Inndelingstilskotet blir omtalt nærmare i innleiinga i Grønt hefte og i kapittel 18.2 i St.prp. nr. 64 (2001–2002) *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2003*. I 2018 blir det gjeve inndelingstilskot til 12 kommunar (kommunane Re, Vindafjord, Aure, Bodø, Kristiansund, Inderøy, Harstad, Sandefjord, Larvik, Holmestrand, Færder og Indre Fosen).

Inndelingstilskotet til Re kommune er prisjustert og redusert med 40 pst. frå 2016 til 2018, som følge av nedtrapping av tilskotet.

Larvik, Holmestrand, Færder og Indre Fosen er nye kommunar frå og med 1.1.2018. Inndelingstilskotet til desse kommunane, som slår seg saman i perioden for kommunereforma, er berekna ut ifrå inntektssystemet i 2016 og prisjustert til 2018-kroner. Dei nye kommunane Larvik og Holmestrand blir både kompenserte for tap av eit basistilskot og eit småkommunetilskot frå 2016. Færder blir kompensert for tap av eit basistilskot, medan Indre Fosen blir kompensert for tap av eit basistilskot og ein reduksjon i distriktstilskot Sør-Noreg.

Inndelingstilskotet for dei andre kommunane er prisjustert frå 2017.

#### Kolonne 2 – Trekk Nannestad og Ullensaker

Nannestad og Ullensaker har i perioden 1993–2008 motteke finansieringsbistand i form av skjønsmidlar i samband med etableringa av Oslo Lufthamn, Gardermoen. Totalt har kommunane motteke 735,5 mill. kroner, der 387 mill. kroner skal betalast tilbake i 20 like store avdrag frå og med 2009. Dette blir gjort ved eit trekk i rammetilskotet til Nannestad og Ullensaker på høvesvis 7,43 og 11,92 mill. kroner årleg t.o.m. 2028. Trekket blir ikkje prisjustert.

### **Kolonne 3 – Helsestasjons- og skulehelseteneste**

Regjeringa har styrkja helsestasjons- og skulehelsetenesta, inkludert jordmortenesta. I statsbudsjettet for 2014 blei det løyvd 180 mill. kroner innanfor veksten i dei frie inntektene, og beløpet blei auka til 455 mill. kroner i 2015, til 668 mill. i 2016 og til 734,4 mill. kroner i 2017. For 2018 er beløpet for 2017 prisjustert og utgjer til saman 753,5 mill. kroner. Midlane er føreslått fordelt til kommunane basert på talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune.

### **Kolonne 4 – Uttrekk – avgiftslette differensiert arbeidsgjevaravgift**

31 kommunar fekk avgiftslette som følgje av revidering av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå 1. juli 2014. Kommunane blei difor trekte i rammetilskotet i 2015 tilsvارande beløpet dei fekk i avgiftslette (sjå Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ein nærare omtale av saka). Som varsla i kommuneproposisjonen for 2016 (Prop. 121 S (2014–2015)) vil trekket bli trappa ned over fem år. For 2018 er trekket frå 2015 prisjustert og trappa ned med 60 pst.

### **Kolonne 5 – Korreksjon barnevern, uttrekk Oslo kommune**

I 2015 blei det lagt inn 160 mill. kroner i rammetilskotet som følgje av auka communal medfinansiering av det statlege barnevernet. Denne endringa gjaldt ikkje Oslo kommune, som òg har ansvaret for den statlege delen av barnevernet i Oslo.

Sidan det ikkje er mogleg å halde Oslo utanfor fordelinga av midlane, fekk Oslo om lag 26 mill. kroner gjennom kostnadsnøkkelen til dette føremålet i 2015. For at Oslo skal gå i null blei det lagt inn ein korreksjon på -26,012 mill. kroner i tabell C i 2015. Trekket for 2018 er prisjustert.

### **Kolonne 6 – Forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling i barnevernet**

Barne- og likestillingsdepartementet har frå 1. april 2016 sett i verk eit forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling mellom kommunalt og statleg barnevern. Løyvinga til forsøket utgjer i 2018 75,252 mill. kroner, som er fordelt på dei kommunane som deltek i forsøket. Utrekninga som ligg til grunn for fordelinga blei gjort før forsøkskommunane blei valde ut og er den same som ligg til grunn for fordelinga i 2016 og 2017. Beløpet er prisjustert frå 2017.

### **Kolonne 7 – Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene**

Frå 1. mai 2016 er det sett i verk eit forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene. Forsøket inneber at dei seks kommunane som deltek i forsøket i perioden 1. mai 2016 til 30. april 2019 får tilskot til omsorgstenester som statlege tilskot eller eit øyremerkt tilskot, og ikkje som rammetilskot. Kommunane som deltek i forsøket får difor eit trekk i rammetilskotet i 2018 på til saman 1 043,736 mill. kroner.

### **Kolonne 8 – Tilskot til frivilligsentralar**

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet til kommunane i 2017. I tillegg til ei prisjustering frå 2017 vil ytterlegare 15 mill. kroner bli fordelt til dette føremålet i 2018. Totalt 169,9 mill. kroner blir fordelt med særskild fordeling i 2018 til frivilligsentralar. Fordelinga tek utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

### **Kolonne 9 – Overgangsordninga til kommunar som slår seg saman**

Kommunar som skal slå seg saman i kommunereforma, og som tapte på endringane i basistilskotet og småkommunetillegget i inntektssystemet frå 2016 til 2017, blir kompenserte for dette gjennom ei overgangsordning fram til samanslåinga trer i kraft. I 2017 var kompensasjonen ein del av skjønstillskotet til kommunane. Frå og med 2018 er overgangsordninga overført til innbyggjartilskotet, og midlane er gjeve ei særskild fordeling. Fordelinga i 2018 er ei vidareføring av fordelinga i 2017, men beløpet er prisjustert. Kommunar som slår seg saman frå 1. januar 2018 mottek ikkje midlar gjennom overgangsordninga i 2018, sidan desse kommunane mottek inndelingstilskot frå og med 2018.

Totalt utgjer overgangsordninga 254,2 mill. kroner i 2018.

### **Kolonne 10 – Sum saker med særskild fordeling**

Summen av kolonnane 1–9. Talet er nytta i tabell 2-k, kolonne 3. Tilskota er lagde inn i inntektssystemet og er i hovudsak haldne utanfor utrekninga av inntektsgarantiordninga.